

Hammar-Kameratane As  
Hella 60  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/7655 - 23/7475

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
30.01.2023

## Godkjent søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad - gbnr 444/74 Mangersneset

**Administrativt vedtak:** **Saknr:** 101/23

**Tiltakshavar:** Ove Gundersen

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1

### VEDTAK

Det vert gjeve dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNFR-område i kommunedelplanen for Radøy, samt byggjeforbodet i strandsona, for oppføring av einebustad med veg, parkering og utsleppsanlegg på gbnr 444/74 Mangersneset.

Vedtaket et hjemlet i plan- og bygningslova § 19-2, jf. §11-6.

Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Det må søkast om løyve til oppføring av ny bustad, minireinseanlegg, veg, parkering, VA-leidningar etter plan- og bygningslova kapittel 20.
- Bustad skal plasserast 97 meter frå sjøen.
- Vilkår i avkøryselsløyve av 07.12.22 skal stettast.

### Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Det skal søkast om løyve til oppføring av ny bustad, minireinseanlegg, veg, parkering, VA-leidningar etter plan- og bygningslova kapittel 20. Dispensasjonsvedtak vert sendt Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune for klageurdering.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. tbl. § 21-9.

## **SAKSUTGREIING**

### **Saka gjeld**

Saka gjeld søknad om dispensasjon fra LNFR-formålet og byggjeforbodet i strandsona for oppføring av einebustad med tilkomstveg, parkering og utsleppsanlegg.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett då han var motteken den 21.10.22. Fristen for å handsama dispensasjonssak med høringsrunde er 16 veker og er 10.02.23.

### **Planstatus**

Utsnitt av kommunedelplan:



Utsnitt av situasjonsplan:



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Radøy er definert som LNFR-område, jf. pbl § 11-6 andre ledd. Vidare ligg delar av tiltaket innanfor byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl § 1-8 tredje ledd.

#### **Historikk i saka:**

Det ble tidlegare gjeve delingsløyve i Radøy kommune i sak 03/900 den 25.10.2005:

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato:
	03/900-10/05/4541/44/16/KME	Manger: 25.10.2005

#### **GNR.44/16 - SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM. MELDING OM VEDTAK.**

Syner til dykkar søknad om deling av grunneigedom til bustadtomt. Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 28.09.2005. Følgjande vedtak vart fatta:

##### **"PLT-116/05 VEDTAK:**

##### **Vedtak etter jordlova:**

*Det vert gjeve samtykke til deling av grunneigedom gnr. 44 bnr. 16 som omsøkt.*

*Grunngjevinga for vedtaket er at deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi.*

*Det vert sett som vilkår at tomta vert nytta til å byggja heilårsbustad.*

*Vedtaket har heimel i jordlova § 12.*

##### **Vedtak etter plan- og bygningslova.**

*Det vert gjeve løyve til deling som omsøkt.*

*Det vert sett som vilkår at bygninga vert plassert syd for høgda på tomta.*

*Grunngjeving for vedtaket: eigedommen er inriklemt og har ingen verdi som tur og friluftsområde. Deling vil ikkje være til hinder for ålmenta sin ferdsel i området.*

*Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§ 7, 63, 65 og 93h.*

*Vedlagt følgjer møtebok for saka og melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak.*

*Saka vart no sendt over til oppmålingsavdelinga for vidare sakshandsaming.*

Arealet ble vurdert etter Jordlova §12 i denne saka og planstatus for eigedommen ble ikkje endra i seinare kommunedelplanen.

#### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå dispensasjon frå LNFR-formålet og byggjeforbodet i strandsona.

Det er søkt om dispensasjon med slik grunngjeving:

Eigedom 444/74 har arealføremål; LNF

Tiltakshavar ynskjer å nytte eigedomet til det den er delt av som i 2005; bustadeigedom.  
Det må såleis søkjast om dispensasjon fra arealføremålet.

Ein har trekt bustaden 15m frå vegmidte av kommunal veg, då er det 97,2m til sjø, såleis må ein og  
søkje om dispensasjon frå avstand til sjø.

Når det gjeld denne avstanden vil ein ved første augnekast tenke att ein burde flytte bustaden 3m  
nordover for å komme 100m frå sjø.

Men då kjem ein for nært kommunal veg og på grunn av terrenget blir det meir  
terrenginngrep/støttemur.

Såleis er valgte plassering den mest formutige til tross for att ein må søkje om dispensasjon for  
marginal overskridning av krav til avstand til sjø.

Det ligg bygningar framom og på sidene av den planlagde bustaden.

Den er og tenkt på 1 plan, den vil difor ikkje verke ruvande frå sjø.

Når det gjeld arealføremål;

Eigedomen ligg inneklemd mellom ein veg og 2 fritidseigedomar, den har såleis ikkje verdi som  
frilufts- eller landbruksområde.

Tiltaket vil heller ikkje vere til hinder for ferdsel i området.

Jf. gardskart.no er det ikkje dyrka mark på eigedomen, det er den heller ikkje eignat til.

Den har umiddelbar nærleik til veg og vassleidning, avlaup vert løyst med minireinseanlegg på  
eigedomen.

---

På Mangersnes har ein i kommuneplanen opna for bygging av 5 bustader i LNF-SB areal.

Ingen av desse er bygd frå 2011 - tdd. (oss bekjent).

Denne eigedomen grenser til dette området og var som nemt frådelt til bustad allereie i 2005.

Att ikkje denne eigedomen ertatt med i LNF-SB arealet framstår for oss som feil og veldig rart.

Det att ein ikkje, på over 10 år har nytta noko av arealet som faktisk er avsatt til LNF-SB til å bygge  
bustader, til tross for stor mangel på tomtar i området, fortel att dette gjerne ikkje eigner seg eller  
er ynskja av grunneigarar.

444/74 framstår på alle måtar som ideell for bygging av bustad og på ingen måte som eignat til  
landbruksføremål.

For å hindre att eigedomen ligg brakk og att det dei kommande tiåra heller ikkje vert tiltrent fast  
tilflytting i området må det ein dispensasjon til.

---

Meiner med dette att fordelande med å gi dispensasjon er større enn ulempene

## Uttale

Søknaden er sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland, Landbruksavdelinga her  
og Vestland fylkeskommune. Det er henta inn slik uttale frå Statsforvaltaren i Vestland  
den 19.12.2022:

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensed frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjere unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Tiltaket skal ligge delvis i strandsona. Det ligg ein hytte/bustad mellom omsøkt bustad og sjøen, men denne ligg lågare i terrenget. Kommunen må vurdere kva landskapsverknad tiltaket vil få, særleg sett frå sjø.

Eigedomen er registrert med innmarksbeite i marklagskart. Det er eit nasjonalt må og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg.

Det er også satt av areal til spreidd bustadbygging rett i nærleiken. Vi kan slik sett ikkje sjå at det er naudsynt med dispensasjon for å kunne tilby bustadomter i området.

Det er henta inn slik uttale frå tidlegare fylkesmannen i Hordaland i delingssaka 03/900 i Radøy kommune den 14.07.2005:



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Per Albert Lund, 55 57 21 74

Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 Manger

RADØY KOMMUNE		Vår dato 14.07.2005	Vår referanse 2005/7699
JOURNAL NR.		ARKIV NR.	Dykkar referanse 03/900-7/05/2557/44/16/ØTH
05/8957		03/900	
AVD			
SAKSBEH.	19 JULI 2005	KOPITIL	
ØTH			
ARK.KODE P	44/16	ARK.KODE S	
PRESEDENS	KASSASJON		

**Uttale til søknad om dispensasjon for deling på gnr. 44 bnr. 16 i Radøy.  
Søkjar: Rasmus Askeland.**

Det vert synt til Dykkar brev av 20.06.05.

Det er søkt om frådeling av bustadtomt på ca. 2.5 da frå denne eigedomen. Tomta har fått ny plassering i høve til tidlegare søknad. Tomta er i det vesentlege avgrensa av vegar og av annan bustadtomt i aust. Av kart som følger saka ser arealet ut til å vere for det meste noko kupert overflatedyrka/beite.

Slik parsellen no er plassert har ikkje landbruksdirektøren sterke innvendingar i høve landbruksinteressene.

Dersom kommunen finn at det er tilstades særlege grunnar i saka, vil landbruksdirektøren ikkje gå imot at det vert gjeve dispensasjon.

Det ligg føre samtykke til omdisponering etter jordlova i vedtak datert 25.10.05 i sak 03/900 i Radøy kommune.

Det er mottatt positiv uttale frå Landbruksavdelinga den 26.01.23.

Det kjem følgjande uttale frå Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga her 11.01.23:

**Uttale:**

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå LNF for etablering av bustad på Gbnr 444/74.

### Nabovarsel

Dispensasjonane er nabovarsla. Det er mottatt 1 merknad frå eigar av gbnr 444/28.

### Vurdering

#### Nabomerknad

Eigar av 444/28 kjem med fleire merknader i saka. Kort oppsummert er det følgjande omsyn som er nemnd:

1. Nærleik av framtidig minireinseanlegg og VA-leidningar med tanke på avrenning til brønn på gbnr 444/28.

2. Feil i oppmålte grenser til gbnr 444/74 ved oppmålingsforretning i 2005.  
Manglande 1 parkeringsplass for hytteeigaren av gbnr 444/28 som verknad av denne feilen.
3. Nabo meiner at kommune «må teikne inn hans veg og 3 parkeringsplassar på kommunekartet» slik vegen er faktisk bygget.

**Ansvarleg søker** kom med svar på merknaden:

### **Svar på merknad frå nabo på Gnr: 444 Bnr: 28**

Viser til merknadsbrev, mottatt via mail den 11.10.22.

Ein imøtekjem merknadar:

- Avrenning frå minireinseanlegg vert lagt i eigna grøft mot Mangersnesvegen.
- Så snart dispensasjonssøknad vert godkjent tinglyst det parkeringsrett jf. «Løsning 2» i merknadsbrevet.  
Dersom kommunen vel å grensejustere, vert det følgjeleg ikkje tinglyst rett.

### **Vurdering av merknader:**

1. Administrasjonen har ikkje teke stode til konkret plassering av VA-leidningstrase, utsleppsanlegg i dispensasjonen her, men desse byggjetiltaka skal nabovarslast i eigen byggjesøknad etter dispensasjonen er handsama. Vi kan sjå utfordring med avrenning mot brønn, men viser til svar frå ansvarleg søker at dette er løyst via eigen grøft mot Mangersnesvegen. Merknaden vert ivareteke.
2. Ansvarleg søker skriver at parkeringsrett vert ivareteke og 1 parkeringsplass til gbnr 444/28 vert tinglyst på gbnr 444/74 etter dispensasjon er gjeve. Merknaden vert ivareteke.
3. Kommune kan ikkje «teikne inn veg på sitt kart, slik den er oppført med 3 parkeringsplassan» etter ønske frå hytteeigaren av gbnr 444/28. Dette må skje via evt. bestilt kartforretning som eigen sak på Kart og oppmåling avd. Det skal vere i samsvar med evt. tidlegare godkjent bygesak. Merknaden vert ikkje ivareteke.

Naboen får vedtaket tilsendt til klagevurdering.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 11.11.22.

På situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til å vere 4 meter. Det er ikkje inntekna VA-trase på situasjonsplan, det skal visast i søknad om byggeløyve seinare. I denne handsaming er det teke stode til dispensasjon for både bustad, parkering , veg og VA-leidningstrase med minireinseanlegg.

Tiltaket er plassert 97 meter frå sjøen og kjem i strid med byggegrense på 100 meter mot sjøen i generelle føresegn i LNFR-område.

Avstand til midten av offentleg kommunal veg er opplyst å vere 15 meter.

## **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.  
Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og privat avlaup.

Det skal søkjast om løyve til tilknyting til kommunalt vatn i byggesøknad om oppføring av bustad seinare.

Det skal søkjast om utsleppsløyve ved innsending av byggesøknad. Utsleppsløyve gjeld minireinseanlegg med utslepp til sjøen.

## **Tilkomst, avkørysle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg.  
Utdila bruk av avkørysle til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i sak/vedtak 22/7672 datert 07.12.22.

Situasjonsplanen viser oppstillingsplass for 2 bilar.

## **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. Vilkåra er kumulative, som vil seia at begge vilkåra må vera stetta før ein kan gje dispensasjon.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulepper dispensasjon kan medføre.

Omsyna bak LNFR-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur, friluftsliv, samt reindrift. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur. Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdslle og friluftsinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Desse omsyna vil, i varierande grad, og gjere seg gjeldande på ein bygd eigedom. Til dømes vil landskapsomsyn, her landskapsestetikk, tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlinja lyt avgrensast.

## **Konkret vurdering:**

Omsøkt eigedom ligg på ein uregulert del av Mangersneset, der eigedomen i aust grensar opp mot avsatt framtidig spreidd bustadområde LNF-SB og i vest grensar opp mot privat veg på gbnr 444/16 i LNFR. I det uregulerte området elles rundt eigedomen er det ei blanding av fritidsbustader og bustader. Det er høve til å oppføre 5 bustader i tilgrensande spreidd bustad område LNF-SB Mangersnes frå aust. Såleis eigedommen grenser mot tett bygd strøk med potensiell utvikling. Området ligg relativt sentralt i kommunen med nærliek til funksjonar som skule og kollektivtransport. Tre fritidsbustader på gbnr 444/28, 444/50 og 444/51 ligg mykje nærmare sjøen enn 100 meter. Det aktuelle tiltaket kjem 97 meter frå sjøkanten.

Oppføring av einebustad vil i nokon grad føre til fortetting av tett bygd strøk. Vurdert isolert for denne eigedomen finn administrasjonen at pårekneleg bruk og utnytting ikkje vil vere vesentleg i strid med arealformålet LNFR. Tiltaket vil ikkje vere negativt for landbruket i området og råkar ikkje dyrka og dyrkbar mark. Landbruksavdelinga er positiv til oppføring av bustad, då eigedommen ble frådelt i 2005 og vurdert til å ha liten betydning for landbruket. Eigedommen er sterkt avgrensa med veg i vest og tett bygd område i aust. Fylkesmannen i Hordaland vurderte at deling av parsellen i 2005 har ikkje verknad for det aktuelle landbruksområdet.

Statsforvaltaren skriver i uttale av 19.12.22 at tiltaket råkar innmarksbeiteområde og at spreidd bustadområde ligg rett i nærlieken. Vi viser til vurdering frå landbruksavdelinga frå 2005 og den 26.01.23 om at eigedommen ligg naturleg avgrensa med veg og LNF-SB spreidd bustadområde.

Tiltaket er difor ikkje i strid med dei omsyn kommunen skal legge særskilt vekt på i denne type saker. Det vert og veklagt at eigedomen kan nytte eksisterande avkjørsel og privat veg fram til tomta.

Vidare når det gjeld byggjeforbodet i strandsona vurderer administrasjonen at omsøkt bustad, ikkje i vesentleg grad påverka dei nemnde omsyn negativt då kunn små delar av tiltaket plasserast 97 meter frå sjøen i stedanfor 100 meter. I tillegg vert det lagt vekt på at bustad skal oppførast i 1 etasje og tilpassa terrenget. Tiltaket ligg kunn med 3 meter innafor strandsona. Tiltaket skulle forskyvast nærmare communal veg og vekk frå sjøen, men dette utløysar dispensasjon frå byggjegrense mot veg og ble ikkje tilrådd frå vegmynde.

Omsøkt bustad har berre ein etasje, med mønehøgde på ca. 5,3 meter og vil dermed ikkje virke ruvande i landskapet. Tiltaket vil heller ikkje medføra noko hinder for ferdsla i strandsona.

Ved behandling av dispensasjonssøknaden må kommunen vidare vurdere kva for verknader ein dispensasjonspraksis vil kunne få for området eigedomen ligg i og kommunen elles, - i eit heilskapleg perspektiv. Det er mellom anna dette som gjer at lovgjevar har lagt opp til ein streng dispensasjonspraksis i kommunane; for å unngå stykkevis og delt endring av arealbruken utan at dette er vurdert gjennom planprosessar. I området er det blanda arealbruk, både landbruk, bustad – og fritidseigedomar (uregulert), samt at det er gjeve dispensasjonar i området tidlegare. Området er i hovudsak alt vorte privatisert og kommunen finn at heller ikkje i dette

perspektivet at omsyna bak LNFR-formålet eller byggjeforbodet i strandsona blir vesentleg sett til side ved dispensasjon i denne saka.

Den omsøkte eigedomen ligg som nemnd i eit område med ei blanding av fritidsbustader og bustader. Området ligg relativt sentralt i kommunen med nærliek til funksjonar som skule og kollektivtransport. Det er vanskeleg å sjå for seg at området vil bli regulert, og det vil fort vere urimeleg tyngande å stille krav om regulering for eit tiltak som det omsøkte. Ei hensiktsmessig utnytting av eigedomen i framtida kan tale for oppføring av bustad på resterande frådelt tomt i LNFR. Administrasjonen kan på denne bakgrunn ikkje sjå at det førelegg vesentlege arealmessige grunnar til å nekte tiltaket på denne eigedommen.

Ettersom tiltakshavar tidlegare har fått løyve til deling for oppføring av bustad, vil dei omsøkte tiltaka no inneber ei positiv effekt på staden. Med bakgrunn i dei konkrete omstende i saka, finn kommunen det er relevant å vektleggja eigar sin interesse i å kunne utnytte eigedomen på ein hensiktsmessig måte. At eigarinteressa i å kunne utnytte eigedomen sin på ein fornuftig måte er relevant ved vurderinga etter pbl § 19-2, er mellom anna uttalt av Sivilombudsmannen i uttale datert 13.03.2018 (Somb 2017/1346). Føresetnaden for å kunne legge avgjerande vekt på eigarinteressa vil normalt vere at ikkje andre meir tungtvegande omsyn talar mot dispensasjon (typisk arealdisponering og/eller LNF-omsyn).

### **Samla vurdering**

Kommunen finn etter ei samla vurdering at dispensasjon som omsøkt ikkje kjem vesentleg i strid med omsyna bak arealdelen i kommunedelplanen for Radøy eller byggjeforbodet i strandsona. Med tilvising til grunngjevinga i søknaden og vurderingane ovanfor finn kommunen vidare at fordelane med tiltaket er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf. pbl § 19-2.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarslast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7655**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### **Vedlegg:**

Situasjonskart - REV 2  
Sporingskurver for avkjørsler - REV 2  
Sporingskurver for parkering - REV 2  
Sporingskurver for parkering 2 - REV 2  
Søknadstegninger - REV 1  
Detaljer for avkjørsler - REV 2  
Profiler for avkjørsler - REV 2  
B1-2 - Søknad om dispensasjon - gbnr 444/74 Mangerneset  
C5-13 - merknad til nabovarsel  
C14 - svar på merknad frå nabo  
D1 - situasjonskart  
E1-4 - teikningar  
Søknad om dispensasjon, gbnr 44474

### **Kopi til:**

Bjørn Askeland  
Ove Gundersen

Fanavollen 12g 5244  
Austesundvege 5938

Fana  
SÆBØVÅGEN

**Kopi til:**

n 18a

**Mottakarar:**

Hammar-Kameratane As

Hella 60

5936

MANGER